



Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

Møtedato: 27.11.2018
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 15.00 - 16.30

Møtet vart styrt av leiar Mabel Johansen, H.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 20.11.18 og møtet var kunngjort i pressa 07.11.18.

Ståle Furnes frå Statens Vegvesen vil orientere om knutepunkt og innfartsparkering på Flatøy.

| Møtedeltakarar | Parti | Rolle |
|--------------------|-------|-------------|
| Mabel Johansen | H | Utvalsleiar |
| Tormod Skurtveit | AP | Nestleiar |
| Fredrik Seliussen | H | Medlem |
| Åse Nina Sudmann | AP | Medlem |
| Henriette Fennelly | FrP | Medlem |
| Åshild Aamli | MDG | Medlem |
| Øystein Vikebø | AP | Varamedlem |
| Leiv Jan Fosse | SP | Varamedlem |
| Jon Vidar Sakseide | KRF | Varamedlem |

| Forfall meldt frå følgjande medl. | Parti |
|-----------------------------------|-------|
| Asbjørn Larsen | AP |
| Erling Rønnestad | KRF |
| Rune Lekven Skår | SP |

Desse møtte frå administrasjonen: Sektorsjef teknisk Anny Bastesen og juridisk rådgjevar byggesak Marianne Aadland Sandvik.

Protokollfører: Randi Hilland

30. november 2018

Mabel Johansen
leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---------|--|
| 83/2018 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 84/2018 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 85/2018 | Referatsaker |
| 86/2018 | Delegerte saker |
| 87/2018 | GBNR 27/17 - Klage på vilkår i rammeløyve for oppføring av tilbygg til fritidsbustad |
| 88/2018 | GBNR 35/1, 5 - Klage på avslag til søknad om dispensasjon for arealoverføring - Gripen |
| 89/2018 | Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp |
| 90/2018 | Reguleringsplan for Fv. 245 Fosse- Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset - 1 gongs behandling |
| 91/2018 | Reguleringsplan for kv. 1133 Myrvollane til Hestdal - 2. gongs behandling |
| 92/2018 | Aktuelle saker |

83/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 83/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

84/2018: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå møte 16.10.18 vert godkjent.

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 84/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 16.10.18 vert godkjent.

85/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

UDU - 85/2018 VEDTAK:

86/2018: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 86/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

87/2018: GBNR 27/17 - Klage på vilkår i rammeløyve for oppføring av tilbygg til fritidsbustad

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling finn at klagen ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 24.09.2018, DS 223/2018 blir endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følge. Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka blir sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 87/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for drift og utvikling finn at klagen ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at vedtaket av 24.09.2018, DS 223/2018 blir endra. Klagen blir difor ikkje tatt til følge. Det blir vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka blir sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

88/2018: GBNR 35/1, 5 - Klage på avslag til søknad om dispensasjon for arealoverføring - Gripen

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for drift og utvikling finn at klage datert 26.10.2018 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslag på søknad om dispensasjon, datert 19.10.2018, sak 277/2018, vert gjort om. Klaga vert difor ikkje teken til følge. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til vedtak frå Henriette Fennelly, FrP:

Saka vert utsett. Utval for drift og utvikling ønskjer synfaring i saka.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget fekk 8 røyster for, (3 AP, 2 H, 1 SP, 1 KrF, 1 FrP), 1 røyst mot, (MDG), og er såleis vedteke.

UDU - 88/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett . Utval for drift og utvikling ønskjer synfaring i saka.

89/2018: Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek at «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» med administrative og tekniske reglar blir gjort gjeldande for Meland kommune med verknad frå og med 13.12.2018. Det nye reglementet erstattar Leveringsvilkår for drikkevatt og avlaupstenester.

Handheving av abonnementsvilkåra blir delegert til rådmannen.»

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 89/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret vedtek at «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» med administrative og tekniske reglar blir gjort gjeldande for Meland kommune med verknad frå og med 13.12.2018. Det nye reglementet erstattar Leveringsvilkår for drikkevatt og avlaupstenester.

Handheving av abonnementsvilkåra blir delegert til rådmannen.

90/2018: Reguleringsplan for Fv. 245 Fosse- Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset - 1 gongs behandling

Rådmannen sitt framlegg:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Fv. 245 Fosse-Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset. Planid. 1256 2016 0012, vist på plankart sist datert 31.10.2018, med tilhøyrande føresegner datert 31.10.2018

Før 2. gongs behandling av planforslaget ber kommunen om at VA-rammeplan i høve det kommunale leidningsnettet vert nærare vurdert».

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Åshild Aamli kom med følgjande protokolltilførsel:

Meland MDG er uroa over konsekvensane reguleringsplanen vil ha for artsmangfald og landbruksjord.

UDU - 90/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, legg Utval for drift og utvikling følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn:

Fv. 245 Fosse-Moldekleiv, med oppgradering av Fossekkrysset. Planid. 1256 2016 0012, vist på plankart sist datert 31.10.2018, med tilhøyrande føresegner datert 31.10.2018

Før 2. gongs behandling av planforslaget ber kommunen om at VA-rammeplan i høve det kommunale leidningsnettet vert nærare vurdert.

91/2018: Reguleringsplan for kv. 1133 Myrvollane til Hestdal - 2. gongs behandling

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for Kv. 1133 Myrvollane til Hestdal, planid. 1256 2018 0003, som vist på plankart med siste revisjonsdato 4.9.2018 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 15.11.2018. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Redaksjonell endring på datoar: Plankart med siste revisjonsdato skal vere 14.11.2018 og reguleringsføresegner av revisjonsdato skal vere 19.11.2018.

UDU - 91/2018 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Meland kommunestyret godkjenner framlegg til reguleringsplan for Kv. 1133 Myrvollane til Hestdal, planid. 1256 2018 0003, som vist på plankart med siste revisjonsdato 14.11.2018 og med reguleringsføresegner av revisjonsdato 19.11.2018. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

92/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

27.11.2018 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Følgjande saker vart tekne opp:

Tormod Skurtveit:

Er det rett at dei som skal koble seg på den nye kloakkleidningen på Holme må ha eige pumpe?

Administrasjonen svarte at dei må ta kontakt med prosjektleiar på teknisk etat.

Slike saker må meldast inn på førehand, eller så kan dei få svar på neste møte.

Åshild Aamli:

Uro over kva som skjer med elvemusling ved oppstart av grunnarbeid på Mjåtveit.

Opp til utbyggjar å setje i gong med risikoanalyse. Bør vere eit samarbeidsprosjekt med kommunen.

Må sørje for at utbygginga ikkje øydelegg for å få elvemuslingen tilbake.

Administrasjonen svarte at utbyggjar har kome med ei god løysing som ikkje vil ureina.

Det vert ført løpande kontroll for å sjå at krava vert opplyt. Utbyggjar er ansvarleg. NVE og

fylkesmannen har godkjent planen.

Henriette Fennelly:

På parkeringsplassen på Frekhaug-kaien er det laga til med straumkablar. Kva tid kjem det straum?

Administrasjonen svarte at dei arbeider med saka.

UDU - 92/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.
